



Har du feid hyttepipa di i det siste? Foto: Kristian Hus

Kvinnherad brannvern vil ha fokus på førebygging av hyttebrannar. I samarbeid med forsikringsselskapet Tryg, Norsk brannvernforening og Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap, står dei bak ein kampanje retta mot hyttefolket denne påska

Ei ny undersøking visar at overraskande mange ikkje har feid hytteskorsteinen på veldig lenge. Ein av tre respondentar i undersøkinga seiar at skorsteinen ikkje er feid dei siste 10 åra, eller at dei ikkje veit når dette sist vart gjort.

Me oppmodar difor alle hytteeigarar som ikkje har fått feid skorsteinen på ei god stund, om å få denne feid og sjekka. Undersøkinga om branntryggleiken påhytta vart gjennomført i februar i år. 1300 hytteeigarar og brukarar frå heilelandet deltok.

I påska skal brannvernet sine representantar ut å treffa hyttefolket for ein hyggjeleg prat om branntryggleik. Då vil dei også dela ut boksen «*Trygg hyttekos*», som består av eit røykvarslar batteri, et lite hefte om branntryggleik på hytta og eit kortspel. På boksen er det også trykt ei sjekkliste over dei viktigaste momenta som skal være på plass, for å sikra hytta mot brann.

-Me håpar å treffa mange hyttefolk på denne måten.
Om alle gjer dette den merksemda det fortentar, kan vi kanskje unngå tragiske hyttebrannar i vårt område, seier Øyvind Ousdal i Kvinnherad brannvern.

Sjekkliste for branntryggleik på hytta:

- Sjekk røykvarslar kvar gong de tar hytta i bruk.
Test også ein gang i året med røyk.
- Bytt batteri ved behov, minimum ein gong per år.
- Gå aldri frå levande lys.
- Ikkje bruk peis/omn som tørkestativ.
- Sørg for å handtera oskeavfall på ein forsvarleg måte.
- Ikkje gå frå hytta med elektriske apparat i bruk.
- Vær ekstra varsom ved bruk av gass.
- Sjekk utstyr og slangar regelmessig.
- Bruk godkjent installatør når det elektriske anlegget skal utbetrast.
- Sørg for å utføra alle bygningsmessige utbetringar ihht. plan- og bygningsloven.

Tekst: Øyvind Ousdal
Nett: Ola Matti Mathisen